

Fra: Kari Hilde Rommetveit[khr@nordplan.no]

Mottatt: 15.06.2026 12:55:30

Til: Ingo Bewer; Post[ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no; post@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Kristian Råsberg[kristian.rasberg@fjordbruk.no]; Kjartan

Mehammer[kjartan.mehammer@trondsmarine.com]; Turid Verdal[tv@nordplan.no];

Tittel: Vedkjem detaljregulering for Røysaneset industribase (plan-ID 20230002)

Hei,

Viser til vedtak om utlegging til offentlig ettersyn av detaljregulering for Røysaneset industribase (plan-ID 20230002), samt telefonsamtale med sakshandsamar Ingo Bewer i dag.

Det går fram av vedtaket at kommunen tilrår at plankonsulentene gjennomfører eit informasjonsmøte i høyringsperioden for å orientere om planforslaget. Dette er drøfta med tiltakshavar, og vi har kome til at vi ikkje ser behov for eit slikt møte på noverande tidspunkt. Vi viser til at det allereie er gjennomført to informasjonsmøte i samband med planarbeidet, høvesvis 11.04.2024 og 25.03.2026. Det siste møtet vart halde like før innsending av planforslaget til kommunen og etter varsling av utvida planområde. På møtet vart hovudtrekka i planforslaget, verknader, status, framdrift og korleis interesserte partar kan medverke i den vidare prosessen. Det er ikkje gjort endringar i planforslaget frå møtet vart halde til planen vart sendt inn til Kvinnherad kommune.

På denne bakgrunnen ser vi ikkje behov for å gjennomføre eit nytt informasjonsmøte no. Dersom det i løpet av høyringsperioden kjem inn omfattande merknader, eller det viser seg at delar av planmaterialet vert misforstått, kan det likevel verte aktuelt å arrangere eit informasjonsmøte. Dette vil vi eventuelt ta stilling til undervegs i høyringsperioden.

Vi ser fram til den vidare handsaminga av planforslaget og utlegging til offentlig ettersyn.

Med venleg helsing

Kari Hilde Rommetveit

Arealplanleggjar
Region Vest - Stord

+47 97653972

khr@nordplan.no

nordplan.